



Adu-Ingeniør Atle D Utkilen
Postboks 75 Fonnes Senter
5952 FONNES

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/2342 - 19/18538

Saksbehandlar:

Silje Haukedal

silje.haukedal@radoy.kommune.no

Dato:

19.12.2019

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 19/5 Risnes/Gamle Risnes skule

Tiltak: Bruksendring til bustad
Byggjestad: Gbnr: 19/5 Rossnesvegen 270
Tiltakshavar: Krzysztof Tomasz Dunaj
Ansvarleg søkjar: Adu-Ingeniør Atle D Utkilen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om igangsetting den 18.12.2019.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det kjem fram av erklæring om ansvarsrett om sjølvbyggjar at det skal nyttas medhjelpers utdanning/praksis og innleigd føretak. Medhjelpers utdanning/praksis og innleigd føretak må dokumenterast.
2. Det ligg ikkje føre erklæring om ansvarsrett for PRO og UTF ventilasjon. Dette må sendast inn.
3. Det er satt vilkår i rammeløyve om at grensesnittet for ansvarsrett for prosjektering må avklarast. I følge inn sendt illustrasjon kjem det fram at Taule Bygg as skal ha ansvarsrett for PRO og UTF tømmerarbeid som ikkje er utført. Ved søknad om rammeløyve er det sendt inn erklæring om ansvarsrett for PRO tiltaket frå Taule Bygg as. Dersom det stemmer at ADU – Ing. A. D. Utkilen skal ha ansvarsrett for kontroll for tømmerarbeid for alle deler unntatt omsøkt tilbygg, samt utvendig terrengarbeid, rørbearbeid og ventilasjon må det sendast inn oppdatert ansvarsrett som dokumenterer dette. Grensesnittet mellom ansvarsområda må avklarast nærmare før søknad om igangsetting kan handsamast.
4. Det ligg ikkje ved oppdatert gjennomføringsplan. Dette må sendast inn i tråd med ansvarsrettar i tiltaket.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 20.01.2020.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Silje Haukedal
konst. leiar teknisk forvaltning

Silje Haukedal
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Krzysztof Tomasz Dunaj

Rossnesvegen 270 5937

BØVÅGEN

Mottakarar:

Adu-Ingeniør Atle D Utkilen

Postboks 75 5952
Fonnes Senter

FONNES